
– For oss er dette ein milepæl

Folk var nysgjerrige på verka til den velrennomerte kunstnaren Ørnulf Opdahl.



EIRIN ERIKSEN HORVEI

ONSDAG 12. OKT. 2022 20:45

Det var ikkje lett å få plass i lokalet til Vedholmen Galleri under opninga av deira haustutstilling på laurdag.

Folk var nysgjerrige på verka til den velrennomerte kunstnaren **Ørnulf Opdahl**.

– Eg er takknemleg for at så mange kom på opninga, seier kunstnar og gallerist Vibeke Harild.

Flotte tonar og gode ord

Gjestane stod tettpakka i lokalet, samtalen gjekk. Brått kom det fram ein vakker songstemme blant folkemengda.

Det var sopran **Anikka Beinnes** som opna utstillinga. Gjestane blei stille.




Ordet gjekk vidare til kunsthistorikar **Knut Ormhaug**, som heldt opningstale på laurdag.

Ormhaug har vore tilsett som både direktør, konservator og kurator hos KODE i over 30 år.

– Verka til Ørnulf Opdahl står absolutt ikkje i ro. Dei pulserer. Det er ei form for hjarteslag. Kanskje det kjennast slik fordi eg er ein del av den identiteten han skildrar i verka sine. Eg håpar andre også får den kjensla og opplevinga når dei ser på bilda hans.

Sopran Beinnes, utdanna ved Grieg Akademiet og Det Kongelige Danske Musikkonservatorium i København, avslutta opninga med ein sang av Edvard Grieg.



Inspirert av naturen

Den erfarne kunstnaren var sjølv på plass blant verka sine. Han bur på Godøya i Sunnmøre kor fjell, sjø og natur inspirerer til flotte verk.

Opdahl er ein av Norges mest kjende kunstnarar og står som ein av dei fremste tolkarane av Vestlandet.



Les òg

Kjent kunstnar kjem til Os

Han har hatt fleire kunstnariske prosjekt i samarbeid med H.K.M. Dronning Sonja.

Han er representert i alle kunstmuseum og større samlinger i landet, forutan ei rekke samlinger og museum i utlandet.


 **Bildeserie:**



TAKK: Vibeke Harild takka alle som bidrog til opninga.

(Foto: Eirin Horvei)

2 av 2



– Eg er i hovudsak inspirert av naturen. Vestlandet låg og spøkte som eit ekko i underbevisstheiten min medan eg budde i Oslo for mange år sidan.

– Så eg flytta heim att til Ålesund. Her kunne eg utvikla eit personleg uttrykk i kunsten, forklarte Opdahl.

Verka til Opdahl er på utstilling hos Veholmen Galleri fram til 30. oktober. Ei blanding mellom måleri og etsingar.

Måleria er frå 2022, og så er det kunst frå dei siste seks åra.

Bildeserie:



Midtsiden spurde kunstnaren kvifor han valgte Vedholmen Galleri til utstillinga sin.

– Då eg såg omgjevnadane tenkte eg «dette er ein plass for meg». Og Vibeke Harild og Peter Marron, som driv galleriet, er veldig flinke og profesjonelle, seier Opdahl.

– **Ein milepæl**

Ørnulf Ophdal Opdahl sin separatutstilling på Vedholmen er på fleire måtar stort for galleriet.

På starten av det nye tusenåret, merka Peter Marron og Vibeke Harild Opdahls kunst for første gong.

Som nyleg emigrerte og håpefulle nye vestlendingar syntest dei begge at Opdahl, som få, greidde å fanga noko som dei sjølv hadde bite seg merke i.

– Dei barske vestnorske kontrastane og det fine, nesten håpefulle lyset i regntunge sommardagar, som i mørkaste vinter.

Dei tenker dette lyset «gjer at folk faktisk blir buande her».

Opdahl si ferd med Havforskningsinstituttet i Atlanterhavet, rundt Azoene i 2004, låg kunstnar-ekteparet ekstra merke til.



Då Vibeke monterte eit eige utstillingsprosjekt på Naturhistorisk Museum i Bergen, såg ho folk koma gåande med konserverte eksemplar i blant anna Norges-glass, frå akkurat denne turen.

– Det gjekk rykte i gangane at Opdahl hadde vore med.

– Og det viste seg å vere rett. I eit nydeleg portrett i NRK viste han teikningar og akvarellar frå tokta, med både natur og innhenta fisk og sjødyr, som motiv.

Dette gav ekstra klangbotn hos dei imponerte kunstnarane, som no hadde vore galleristar i fire år, i havgapet i Øyane.



SEPERATUTSTILLING: Ørnulf Opdahl stiller ut verka sine på Vedholmen Galleri kor Vibeke Harild er gallerist. (Foto: Eirin Horvei)

– Derfor er det ein ekstra stor dag for oss og i galleriets historie å kunna visa publikummet vårt denne separatutstillinga med nydelege etsningar og måleri i beste Opdahl stil.

– For oss er dette ein milepæl. Det var først i 2017 under ein utstilling eg fekk presentert meg for Opdahl. Han var positiv. Så, i 2020, avtalte vi denne utstillinga, fortel Harild.